



KULA-området **Den indre farleia**, llynghelandskap på Lygra, Hordaland/Vestland. Registeret for Hordaland vart ferdigstilt i 2016. Foto Elizabeth Warren, Hordaland fylkeskommune

# Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)

## KVIFOR KULA?

Landskapet har alltid vore i endring, men nå skjer forandringane raskare enn nokon gong. Då er det større fare for at viktige landskapsverdiar går tapt. Vi treng difor kunnskap om landskap, kva verdiar dei inneheld og kva som skal til for å ta vare på dei og utvikle dei vidare. Når nye hovudvegar skal byggjast, vindmøller reisast eller kraftliner førast fram, er det viktig at ein har kartlagt nasjonalt viktige landskap slik at desse ikkje vert øydelagde av slike store utbyggingar.

## KVA ER KULA?

Riksantikvaren har ansvar for å medverke til at dei kulturhistoriske verdiane i landskapet vert tekne vare på. Klima- og miljødepartementet har bede Riksantikvaren om å lage eit landsomfattande oversyn

over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Det er dette som skal verte KULA-registeret. Landskapa som vert valde ut, skal saman vise mangfoldet i historia vår – korleis menneske har levd i og brukt landskapet, kva som har skjedd der og kva spor frå tidlegare tider som finst der.

## KULA – LANDSKAP MED STORE VERDIAR

Landskap gjev mange opplevingar. Ofte er det dei menneskeskapte spora som gjer landskapet ekstra spanande. Dei bidreg til lokalt sær preg og gjev grunnlag for verdiskaping og utvikling. Landskap kan vere grunnlag for økonomisk verksemد til dømes gjennom turisme og landbruksnæring. Eit landskap med store verdiar kan òg vere med å gjøre eit område meir attraktivt som bustad og reisemål.

## KVA BETYR EIN KULA-STATUS?

KULA-registeret er ikkje ein verneplan og landskapa vert ikkje freda eller verna ved at dei vert med. KULA er eit signal om at det er viktig å ta omsyn til verdiane, og skal vere eit kunnskapsgrunnlag som kommunane og andre etatar kan bruke i arealplanlegginga si. Det er viktig at landskapa framleis er i bruk og at jorda og skogen vert driven vidare. Framhald i drift kan i mange høve vere avgjerande for å ta vare på landskapsverdiane. Ein KULA-status skal ikkje stoppe utviklinga, men bidra til ei god utvikling som varetak verdiane.

## KORLEIS JOBBAR VI MED KULA?

Riksantikvaren jobbar nært saman med fylkeskommunane, og Sametinget der det er aktuelt. Kommunane vert tidleg kontakta slik at vi kan informere om arbeidet, drøfte aktuelle område og få opplysningar og synspunkt. Fylkeskommunane følgjer opp med nærmere kontakt med den einskilde kommune og utarbeider eit utkast til tekstar om landskapa som Riksantikvaren arbeider vidare med og sender på høyring. I løpet av høyringa ønskjer vi innspel og debatt om dei føreslegne landskapa, slik at vi får eit best mogleg register. Det ferdige registeret vil ligge i kulturminnedatabasen Askeladden.

Riksantikvaren ønsker at kommunane innarbeider KULA-områda i kommuneplanar og andre planer, ved å gje dei omsynssone med retningsliner og knyte generelle føresegner til dei.



KULA-området **Glomma gjennom indre Østfold**, Vamma kraftstasjon. Registeret for Østfold vart ferdigstilt i 2015.  
Foto: Østfold fylkeskommune

## Har du spørsmål?

### Les meir om

[KULA på Riksantikvaren sine nettsider](#).

Nyttig informasjon om forvalting av KULA-område finst i [rettleiaren vår](#) som er særskilt retta mot kommunar og andre etatar.

Du kan også ta kontakt med fylkeskommunen din, eller med Riksantikvaren.

Kontaktpersonar hjå Riksantikvaren er:

> Prosjektleiar Cecilie Askhaven  
e-post [cecilie.askhaven@ra.no](mailto:cecilie.askhaven@ra.no),  
tlf. +47 98202733